

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN**  
**nr. 153/2007**

**av 7. desember 2007**

**om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla ”avtala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg I til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 132/2007 av 26. oktober 2007<sup>(1)</sup>.
- 2) Kommissjonsdirektiv 2007/48/EF av 26. juli 2007 om endring av direktiv 2004/90/EF om fastsetjing av gjennomføringstiltak for artikkel 7 i rådsdirektiv 2002/53/EF med omsyn til kva eigenskapar som minst skal omfattast av og kva minstekrav som skal gjelde for gransking av visse sortar av jordbruksvekstrar<sup>(2)</sup> skal takast inn i avtala.
- 3) Kommissjonsdirektiv 2007/49/EF av 26. juli 2007 om endring av direktiv 2003/91/EF om fastsetjing av gjennomføringstiltak for artikkel 7 i rådsdirektiv 2002/55/EF med omsyn til kva eigenskapar som minst skal omfattast av og kva minstekrav som skal gjelde for gransking av visse grønsaksortar<sup>(3)</sup> skal takast inn i avtala.
- 4) Kommissjonsforordning (EF) nr. 920/2007 av 1. august 2007 om endring av forordning (EF) nr. 930/2000 om fastsetjing av gjennomføringsreglar med omsyn til kor eigna sortsnamna til jordbruksvekstrar og grønsaker er<sup>(4)</sup> skal takast inn i avtala..
- 5) Denne avgjerda gjeld ikkje for Liechtenstein –

TEKE DENNE AVGJERDA:

---

<sup>(1)</sup> TEU L 100 av 10.4.2008, s. 1, og EØS-tillegget til TEU nr. 19 av 10.4.2008, s. 1.

<sup>(2)</sup> TEU L 195 av 27.7.2007, s. 29.

<sup>(3)</sup> TEU L 195 av 27.7.2007, s. 33.

<sup>(4)</sup> TEU L 201 av 2.8.2007, s. 3.

## *Artikkel 1*

I vedlegg I kapittel III i avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. I del 1 nr. 14 (kommisjonsdirektiv 2003/90/EF) skal nytt strekpunkt lyde:  
”– **32007 L 0048**: Kommisjonsdirektiv 2007/48/EF av 26. juli 2007 (EUT L 195 av 27.7.2007, s. 29).”
2. I del 1 nr. 15 (kommisjonsdirektiv 2003/91/EF) skal nytt strekpunkt lyde:  
”– **32007 L 0049**: Kommisjonsdirektiv 2007/49/EF av 26. juli 2007 (EUT L 195 av 27.7.2007, s. 33).”
3. I del 2 nr. 18 (kommisjonsforordning (EF) nr. 930/2000) vert følgjande lagt til:  
” endret ved:  
– **32007 R 0920**: Kommisjonsforordning (EF) nr. 920/2007 av 1. august 2007 (EUT L 201 av 2.8.2007, s. 3).”

## *Artikkel 2*

Teksta til forordning (EF) nr. 920/2007 og direktiv 2007/48/EF og 2007/49/EF på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*, skal verte gyldig.

## *Artikkel 3*

Denne avgjerda tek til å gjelde 8. desember 2007, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala<sup>(\*)</sup>.

## *Artikkel 4*

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*.

Utfërda i Brussel, 7. desember 2007.

For EØS-komiteen

***Stefán Haukur Jóhannesson***

Formann

---

(\*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.

